

Økonomireglement for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Økonomireglement
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	4.0
Vedtatt	ST-2/19
Implementert 08.04.2019	Jesper Krusell (AU) Ingeborg Qatarina Fossdal Høimyr (AU) Martin Dragland Granum (KK) Benjamin Johan Madsen (KK)

1 *§1 Verkeområde*

2 Økonomireglementet gjeld for alle representantar og tilsette i Studenttinget på Vestlandet
3 (heretter Studenttinget) under utøvinga av sitt verke i organisasjonen. Reglementet gjeld også
4 for personar med møterett og/eller møteplikt på studenttingsmøte, og for andre som opptre på
5 oppdrag for Studenttinget. Deltakarar på arrangement i regi av Studenttinget er underlagt
6 økonomireglementet.

7 *§2 Ansvarsforhold*

- 8 (1) Studenttinget har det overordna ansvaret for disponeringa av sine økonomiske midlar
9 gjennom vedtak av budsjett for Studenttinget.
10 (2) Arbeidsutvalet har ansvar for å setje igong aktivitet i henhold til vedteke budsjett.
11 (3) Arbeidsutvalet har ansvar for å sjå til at midlar vert disponert i henhold til budsjett, vedteke
12 av Studenttinget. Det overordna ansvaret ligg framleis hjå Studenttinget.
13 (4) Arbeidsutvalet skal utarbeide og innstille på forslag til budsjett for Studenttinget.
14 (5) Årsrekneskap vert lagt fram for Studenttinget så tidleg som muleg på vårsemesteret.
15 (6) Bankkontoar skal ikkje ha bankkort direkte tilknytt seg.

16 *§3 Generelle reglar*

- 17 (1) Arbeidsutvalget er ansvarleg for bestilling av varer og tenester.
18 (2) Utførte innkjøp over 10.000,- skal orienterast om til Studenttinget. Orientering krevst ikkje i
19 samband med regelmessig reise- og møteverksemd.
20 (3) Innkjøp over 2.000,- skal ha godkjenning av fleirtalet i arbeidsutvalet. Godkjenning krevst
21 ikkje i samband med regelmessig reise- og møteverksemd.
22 (4) Innkjøp under 2.000 må være godkjent av to medlemmer i arbeidsutvalet
23 (5) Utgifter til alkohol og tobakk vert ikkje dekkja.
24 (6) Studenttinget skal varsles skriftlig til studenttingsmøtet om budsjettavvik utover 10%, minst
25 2.000 kroner.
26 (7) Ordstyrar på Studenttinget sine møter vert honorert med 1.200kr per dag møtet varer.
27 (8) Medlem av kontrollkomitéen på Studenttingets møter vert honorert med 1.000kr per dag
28 møtet varer.

29 *§4 Reise og bevertning*

- 30 (1) For reiser dekkja av Studenttinget skal det på førehand hentast inn samtykke frå ei medlem
31 av arbeidsutvalget.
32 (2) Reisa skal ikkje være unødvendig dyr. Som hovudregel skal det veljast buss, båt, tog, eller
33 andre miljøvennlige reisemåtar, framfor fly.

Økonomireglement for Studenttinget på Vestlandet

- 34 (3) Utlegg til reiseutgifter, utlegg og bevertningsutgifter vert refundert etterskotsvis, ved
35 innsending av reiserefusjonsskjema med originalkvitteringar. Refusjonsskjema skal vere
36 sendt seinast ein månad etter reisa er avslutta. Unntak kan gjerast av arbeidsutvalet.
- 37 (4) Refusjon vert ikkje utbetalt før refusjonsskjema er signert av arbeidsutval eller ein
38 organisasjonskonsulent. Ingen kan signere for egne utgifter. Leiar kan godkjenne at utgifter
39 kan utbetalast forskotsvis inntil 2.000 kroner. Arbeidsutvalet kan godkjenne at utgifter kan
40 utbetalast forskotsvis inntil 5.000kr. Ved forskottering skal midlar krevjast attende dersom
41 det ikkje ligg føre godkjent refusjonsskjema innan fristen.
- 42 (5) Godtgjersle for bruk av eigen bil vert rekna ut etter staten sitt reiseregulativ sine satsar. Ved
43 bruk av privat bil skal ein leggja til rette for å køyra fleire passasjerar i ein bil. Bruk av eigen
44 privat bil skal grunnjevast og godkjennast av leiar eller leiars avløyssar. Utgifter for bom og
45 ferje vil ble refundert i tillegg.
- 46
- 47 (6) Bevertning vert dekkja inntil NSO sine satsar mot originalkvittering. Satsane pr. januar 2017
48 er:
- 49 Frokost kr 90,-
50 Lunsj kr 160,-
51 Middag kr 190,-
- 52
- 53 (7) Dersom ein er på reise for å utøve sin møterett og /eller møteplikt i samband med
54 studenttingsmøte, delta på arrangement i regi av Studenttinget eller er på oppdrag for
55 Studenttinget har ein rett på å få dekkja utlegg for bevertning. Dersom reisa varer i meir enn
56 fire timar mellom heimen og måltid i regi av Studenttinget har vedkommande rett på å få
57 refundert utlegg for bevertning etter gjeldande satsar.